



Det vart ikkje spelemidlar til Heio i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen Idrettslag har, som mange andre søkjarar, fått avslag på sin søknad om spelemidlar ved fordelinga for 2007. Grunnen er den same som for dei andre: låg prioritering og manglande midlar. Spelemidlane skulle nyttast til garderober på Heio.**

Blant dei som har fått tilsagn om midlar for dette året er Strand-Ulv-hallen AS på Hatlestrand – med 1 356 000 kroner. Ein annan som har komme heldig ut er Husnes vekst som har fått 199 000 til sanitæranlegg i Borvika.

Gardshammarvegen i Mauranger er tildelt 259.000 og Herøysund Bygdalag har fått.107.000 kroner til Berget sandvolleybane.

Når det ellers gjeld ei anna svært aktuell sak for idrettslaget i Uskedalen for tida, nemleg statusen til grusbana i sentrum, vil den truleg ikkje bli avklara før etter sommarferien.

Idrettslaget har bedt kommunen om overtaking av bana, men fått til svar at det skal haldast eit møte om saka. Laget ventar framleis på innkalling til dette møtet, får uskedalen.no opplyst i leinga for laget. Dei har så langt heller ikkje fått noko hint om korleis kommunen stiller seg til saka. Idrettslaget ønskjer å prioritera satsing på Heio i åra framover.

Av Ola Matti Mathisen